

# Maksimalsatsar og rettleiande kostnadsgrenser for skogkulturtiltak i Rogaland – revidert 2019

## Bakgrunn

Bakgrunn for å utarbeide maksimalsatsar og rettleiande kostnadsgrenser for skogkulturtiltak, er å gi ein god peikepinn på kva som er skogfagleg akseptable kostnadsrammer for dei ulike skogkulturtiltaka og mest mogleg lik praktisering. Fokus på kostnader/rett kostnadsnivå er også viktig for å sikre ein effektiv og optimal utnytting av dei økonomiske virkemidla – både tilskot og skogfond.

Fylkesmannen har i samarbeid med næringsaktørane og dei skogansvarlege i kommunane utarbeidd nye maksimalsatsar og rettleiande kostnadsgrenser for dei ulike skogkulturtiltaka gjeldande frå august 2019. Kostnadsgrenser for produksjon av juletre og pyntegrønt er inkludert.

Kommunen har ansvaret med å godkjenne kostnadene for investeringstiltak i skogbruket. Kommunen skal vurderer om tiltaka er skogfagleg forsvarlege og at kostnadene er økonomisk forsvarlege. Kommunen sine vurderingar skal leggjast til grunn ved tilskot, skogfond og andre skattemessige forhold ved tiltaket.

Vi legg til grunn at satsane blir retningsgjevande for skogkulturtiltak i Rogaland. Men vi understrekar at satsane er rettleiande, og at det i enkelte tilfelle kan vere aktuelt å gå utover desse satsane dersom det er formålstenleg. Det bør gjevast ei grunngjeving i merknadsfeltet i ØKS dersom ein går utover maksimalsatsen.

**Generelt gjeld at alt skogkulturarbeid til ei kvar tid skal utførast mest mogleg kostnadseffektivt.** Tilhøva rundt det enkelte tiltak vil kunna variera mykje, og satsane må brukast med dette som bakgrunn.

## Kostnadsgrenser for ordinært skogbruk

Hovudkode	Kostnadstak / utfyllande reglar
001 Grøfting	Vassjuk skogsmark, berre fastmark (mindre enn 30 cm torv over mineraljord) etter hogst. Kostnad inkl. transport og flytting 1400 kr/daa eller 20 kr/løpemeter.
002 Suppl. grøfting	Kostnad inkl. transport og flytting 20 kr/løpemeter
003 Grøfterensk	
011 Gjødsling av fastmark	Vi tilrår startgjødsling, flekkgjødsling etter 5-6 år (30 kg/ daa) og breigjødsling etter 10-12 år (70-80 kg/ daa). Kostnad inkl. transport og arbeid; Rettleiande: 250 kr/daa Maks: 300 kr/daa
100 Flaterydding	Gjeld flaterydding ved 1. gongs etablering av kulturskog – m.a. rydding av einer. Rettleiande: 400 kr/daa Maks: 550 kr/daa

101 Markberedning	Rettleiande: 500 kr/daa Maks: 750 kr/daa
110 Plantekjøp	<p>Kommunane bør ta eit ansvar for koordinering av plantekjøp for å få ned transportkostnadene. Det er store gevinstar å hente på optimal logistikk. Sjølve plantekostnaden er gitt frå planteskulane og varierer sterkt frå treslag til treslag. Å planta store felt med svært dyre panter er ikkje tilrådeleg. Nokon dyre panter kan forsvarast for å få ei god arrondering mot turstiar, veg og liknande for å få betre estetikk. Mindre felt med spesielle treslag kan også godkjennast. Ved planting av sitka, lerk, juletre og liknande så vil ein ved å bestilla desse hjå planteskulen i god tid slik at dei kan kontraktsdyrkast få ein langt gunstigare pris enn den som er oppgjeve i prislistene. Her kan ein fort oppnå ein halvering av prisen.</p> <p>Plantekjøp dekker:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kjøp av planter inkl. frakt og emballasje</li> <li>- handsaming med plantevernmidlar i planteskole</li> <li>- lagerkostnader</li> <li>- startgjødsling</li> </ul> <p>Rettleiande: 3,00 kr/stk for plantekjøp Maks: 8,00 kr/stk for plantekjøp</p> <p>Rettleiande: 40 øre for frakt og lagerkostnad, ekskl. startgjødsling Maks: 50 øre for frakt og lagerkostnad, ekskl. startgjødsling</p>
120 Plantearbeid	Rettleiande: 2,80 kr/stk Maks: 3,60 kr/stk
130 Suppleringsplanting	Rettleiande: 3,30 kr/stk Maks: 4,50 kr/stk
133 Ungskogpleie (erstattar tidl. 133 Avstandsregulering og 131 Mek. etterarbeid)	Rydding av lauv og anna uønska vegetasjon Rettleiande: 450 kr/daa Maks: 550 kr/daa
141 Stammekvisting	<p>Stammekvisting av 60-100 stammer per dekar. Må inn i to omgonger.</p> <p>1. gong: Rettleiande: 500 kr/daa Maks: 700 kr/daa</p> <p>2. gong: Rettleiande: 800 kr/daa Maks: 1000 kr/daa</p>

## Kostnadsgrenser for produksjon av juletre/pyntegrønt

### Hovudkode

### Kostnadstak / utfyllande reglar

125 Juletre eller 126  
Pyntegrønt

Alle dei følgande kostnadene knytt til etablering av plantefelt førast på kode 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt:

Grøfting:

Kostnad inkl. transport og flytting 1400 kr/da eller 20 kr/løpemeter

Rydding/jordarbeiding mv.

3000 kr/daa

Plantekjøp: Gjeldande prisar frå plantekule

Plantearbeid:

Rettleiande: 4,00 kr/plante

Maks: 5,00 kr/plante

Suppleringsplanting år 2:

Rettleiande: 4,50 kr/plante

Maks: 6,00 kr/plante

Sprøytemiddel og gjødsel:

700 kr/daa

Gjerde:

100 kr/meter

Anna eigenarbeid ved etablering

300 kr/time

Vegbygging

Kostnader ved vegbygging førast på kode 400, 401 og 403 (eigne satsar)

Forsikring

Førast på kode 360